



Bilde 4: Arnestadstølen på austsida av Langedalsvatnet.



Bilde 5: Inste del av Langedalsvatnet med Fitjestølen ved enden av vatnet.



Bilde 6: Fitjestøylen som ligg i sørenden av Langevatnet.

NÆRINGSINTERESSER OG ANDRE BRUKARINTERESSER

Landbruk

Det er ikkje drift på stølane. Stølshusa er godt vedlikehalde og vert for det meste nytta til jakt og rekreasjon og i samband med tilsyn og sauesanking.

Friluftsliv

Langedalen saman med Fitjedalen er viktige turutgangspunkt for båtturar og fiske på vatnet og turar vidare inn i heile fjellområdet. Sal av fiskekort og båttutleige basert på sjølvbetjening frå nausta.

INNSPEL FRÅ GRUNNEIGARANE

Ynskjer at vernegrensa vert trekt noko attende i høve framlagde alternativ på grunn av aktivt skogbruk i tilkomstsona. Ønske om traktorveg i vestlia inn mot Langevatn. I tillegg er det fremja ønske om “traktorslepe/rås” frå parkeringsplassen til naustrekka ved nordenden av vatnet.

MERKNADER

Dersom grensa for LVO vert trekt med tilnærma rett line frå Arnestadjellet til fjellfoten aust for Traudalsvatnet vil skogbruksområde ligge utanfor verneområdet, medan heile Langevatnet med Arnastøylen og Fitjestøylen vil inngå i LVO. Landskapsmessig vil det vere naturleg at grensa går like innanfor parkeringsplassen og vidare i rett line slik at skogbruksområdet med Gjemmestadstøylen vert liggjande utanfor. Inngangspartiet til “stølssona” frå parkeringsplassen bør ligge urørt sjølv om vernegrensa vert trekt inn til nordenden av vatnet.

Innafor Fitjestøylen er det ein eldre plan for oppføring av fem hytter, og to er bygde. Desse ligg nokre hundre meter unna støylen i eit småkupert terreng med låg bjørkeskog. Det er uklart kva formell status denne ”hytteplanen” har, og i eit LVO er det vanlegvis ikkje lov å byggje nye fritidshus/hytter. Dersom det er tale om stølshus eller liknande i samband med landbruksdrift kan det vere meir aktuelt å gje løyve til nybygg. Det er i så fall viktig at plassering, farge, form og storleik vert styrt slik at dei ikkje bryt harmonien i landskapet der vatnet, støylen og elvelandskapet er sentrale element.